

Programevaluering BA sosiologi H2016 – V2021

Evalueringa følgjer Universitetet i Bergen sin mal for programevalueringar

Krav til studietilbodet i UIB sitt system for kvalitetssikring av utdanningane

Opptakskrav og opptakstal

Sjå tabell 1.

BASV-SOS har hatt 85 – 105 studieplassar i opptaka frå 2016 til 2021. Ein ser òg at det ved kvart opptak møter fleire studentar enn det er studieplassar. I 2021 møtte det nokre færre studentar (117) enn ved tidlegare opptak (mellom 124 og 134), jamvel om både tala på kvalifiserte søkjarar og sendte tilbud var relative høge. Dette kjem truleg av at det var nokre færre fyste prioritet søkjarar enn i opptaka frå 2018 til 2020. Dette er uansett ein liten nedgang som vonleg lar seg forklare av at Sosiologisk institutt i 2021 for fyste gong tilbydde ei integrert lektorutdanning i tillegg til bachelorprogrammet i sosiologi. Vidare kan ein sjå at mengda studentar som møter til 2. semester òg er større enn talet på studieplassar (sjå tabell 2). Vår vurdering er at programmet fyller studieplassane. Vi har i hovudsak høge og stabile mengder kvalifiserte fyste prioritet søkjarar, og søkjarane frå opptaket i 2021 er dei med den høgaste median snittkarakteren frå vidaregåande skule (4,29) (Sjå tabell 3). Den lågaste snittkarakteren finnar vi i 2017 (3,84), og elles varierer han mellom 4,07 (2016) og 4,2 (2020).

Fagmiljøet jobbar kontinuerleg med å oppretthalde dei gode søkjar tala og den gode inntakskvaliteten til programmet, t.d. gjennom deltaking på Open dag.

Gjennomføring, fråfall og kandidatproduksjon

Sjå tabell 2. Tabell 2 visar aktive studentar per semester for opptaka 2016 – 2020.

Fråfallet frå programmet er gjennomgåande størst mellom 2. og 3. semester. Siste kolonne i tabell 2 visar dette i prosent. Dette har vore så høgt som 43,69 % (2016). Hausten 2019 starta instituttet et omfattande prosjekt for å fornye og forbetre seminarundervisninga, blant anna for å redusere det høge fråfallet. For 2019 (25,2%) og 2020 (25,86%) kulla er fråfallet mellom 2. og 3. semester redusert med ca. 10 prosentpoeng samanlikna med 2018 kullet (35,4%). Dette kjem truleg i stor grad av tiltaka som vart innført som følgje av seminarprosjektet, mellom anna:

- Utvikling og bruk av nytt informasjonshefte
- Oppmøtere registrering og uformell oppfølging av seminardeltakarar
- Undervisningsplan med spesialseminar, t.d.:
 - Bli kjent seminar
 - Skriveseminar
 - Eksamensseminar
 - Dugnadsarbeid (pensum samarbeid)
 - Artikkelseminar

- Tettare oppfølging av seminarlederane, t.d.:
- Regelmessig kontakt med emneansvarleg
- Fastsette møter med seminarkoordinator/ studierettleiar

Inn i neste periode vil vi overvake utviklinga i tala nøyssamt for å avklare korleis korona-pandemien og dei påfølgande endringane i studiekvardagen til studentane har påverka kandidatproduksjonen og fråfallet ved programmet. Vi vil òg jobbe for å vidareføre og styrke den gode utviklinga i fråfallstala.

Vurdering av læringsmiljø

Sjå tabell 5 som viser ein oversikt over bachelorprogrammet i sosiologi sine tilbakemeldingar frå studiebarometeret fordelt på kategoriar frå 2017 til 2020. Tabellen visar òg gjennomsnittet til alle sosiologi fag.

Vi ligg rundt gjennomsnittet for sosiologifag på alle kategoriar, og i 2020 gjekk den heilskapelege vurderinga vår for fyste gang over gjennomsnittet. Vi har òg hatt ei positiv utvikling i 6 av 8 kategoriar dei siste åra. Elles er nedgangen i «læringsmiljø» og «organisering» i 2020 i tråd med trenden for gjennomsnittstala, og truleg delvis forårsaka av endringane i studiekvardagen som følgde med korona-pandemien. Vi forventar ei styrking i desse kategoriane i neste periode som følge av at seminarprosjektet (sjå «Gjennomføring, fråfall og kandidatproduksjon») vert vidareført og vidareutvikla. Det vil føre til at fleire studentar deltar på seminarundervisninga, som igjen leiar til sterkare tilknytning til fagmiljøet og betre kommunikasjon med studentane.

Tilknytning til arbeidslivet har berre vore spurt om sida 2019. Her har vi hatt ei sterk positiv utvikling, frå 1,5 i 2019 til 2 i 2020.

- Vi arbeider kontinuerlig som fagfellesskap med å utvikle og forbedre undervisningen blant annet gjennom halv-årlege veiledningsforum. Undervisning er hyppig tema fredagsluncher, tirsdaysseminarer og Gruppe A-møter. Våren 2022 har vi for eksempel blant annet følgende undervisningstema som egne seminar-tema.
 - Digitale verktøy for interaktiv undervisning (presentasjon av mulighet ved bruk av Poll everywhere)
 - Den postkoloniale kritikkens implikasjoner for våre pensumvurderinger.
 - Vurderingspraksis og karaktergiving.
 - Plagiat.
 - Oppfølging av emne-evalueringer.
- Våren 2022 prøver vi ut en ny model for veiledning av BA-oppgavene (SOS202) med hybrid mellom gruppeveiledning og individuell veiledning.
- Sosiologisk institutt har et aktivt undervisningsutvalg, og studenter som også bidrar hyppig direkte i dialog med ledelsen bla. om forbedringspotensiale i undervisningen.

Krav til studietilbudet i Studietilsynsforskriften

System for kvalitetssikring

§ 4-1 Krav til det systematiske kvalitetsarbeidet (3): *Institusjonen skal ha ordninger for systematisk å kontrollere at alle studietilbud tilfredsstiller kravene i forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning § 3-1 til § 3-4 og kapittel 2 i denne forskrift.*

Kvalitetssikring

Det blir gjort systematiske eigenvurderingar, emneevalueringar og programevalueringar ved instituttet. Oppfylginga av desse evalueringane resulterer i kontinuerlege justeringar av vårt BA-program. Men vi har ikkje gjort vesentlege endringar av BA-programmet dei siste åra. Ein pågåande programevaluering vurderer samanhengen og kvaliteten på alle undervisningsemna på BA-programmet. Då skal vi også vurdere om det er behov for meir omfattande forbetringar av studieprogrammet. BA programmet vårt inneheld både obligatoriske og valfrie emne. Dei valfrie emna blir heile tida tilbudd i nær samheng med forskingsinteressene hjå staben, og valemna strevar etter å retta interessa mot aktuelle tema og problemstillingar.

Studentinvolvering

Sosiologisk institutt gjennomfører studentevalueringar av alle emne kvar gong dei er vortne gjennomførte. Studentevalueringane inngår i dei emneansvarlege sine årlege eigenvurderingar av emne og i dei treårlege vurderingane av emne. Dei emnevisse rapportane inngår så i programevalueringane. Dei eksterne fagfellane (programsensorar) har innhenta egne studentevalueringar der det har vore naudsynt.

Elles er studentane òg representert i undervisningsutvalet, kor dei vert oppmuntra til å ta del i diskusjonar, setje tema på agendaen, og vortne orienterte om saker som råkar undervisinga på instituttet.

Tilhørende forskrifter

§ 2-1 Forutsetninger for akkreditering (1): Aktuelle krav i lov om universiteter og høyskoler med tilhørende forskrifter skal være oppfylt.

Ikkje relevant.

Studieplan

§ 2-1 Forutsetninger for akkreditering (2): Informasjon om studietilbudet skal være korrekt, vise studiets innhold, oppbygging og progresjon samt muligheter for studentutveksling.

Studietilbudet er beskrevet på: <https://www.uib.no/studier/BASV-SOS>

Informasjonen er riktig og nettsida informerer generelt om faget. Studiets innhold, oppbygging og progresjon går klart fram. Relevans for arbeidslivet og grunnlaget for vidare studiar er beskrivne, og mogelegheitene for utveksling er tydeleg formidla. Krava i §2-1 er altså oppfylte.

Nivå på læringsutbyttet

§ 2-2 Krav til studietilbudet (1): Læringsutbyttet for studietilbudet skal beskrives i samsvar med Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring, og studietilbudet skal ha et dekkende navn.

Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk

Nedanfor følger ei gjengjeving av NKR si beskriving av læringsutbytte for bachelorprogram, og den tilsvarande beskrivinga frå BASV-SOS:

Kunnskap:

NKR:

Kandidaten ...

- har bred kunnskap om sentrale temaer, teorier, problemstillinger, prosesser, verktøy og metoder innenfor fagområdet
- kjenner til forsknings- og utviklingsarbeid innenfor fagområdet
- kan oppdatere sin kunnskap innenfor fagområdet
- har kunnskap om fagområdets historie, tradisjoner, egenart og plass i samfunnet

BASV-SOS:

Kandidaten

- kan gjere greie for nokre sentrale trekk ved den sosiologiske faghistoria og dei teoretiske perspektiva og omgrepa som oftast blir brukt i faget
- kan gi døme på korleis slike teoretiske perspektiv og omgrep blir brukt i studiar av korleis sosial samhandling formar små og store samfunnsstrukturar, og korleis samfunnsstrukturar og prosessar formar livsvilkår for menneska
- kan skildre generelle trekk ved samfunnsutvikling langs politiske, økonomiske, kulturelle og sosiale dimensjonar
- kan gjere greie for sosiologiske forståingar av endringsprosessar på til dømes område som sosial ulikskap, familieliv, arbeidsliv, velferdsstat, kjønnsrelasjonar, globalisering, migrasjon og etniske relasjonar
- kan gjere greie for problemstillingar, teoretiske perspektiv, modellar og resultat innan nyare forskning innanfor eit sosiologisk spesialemne
- kan gjere greie for kva slags hovudtypar av metodar samfunnsforskarar bruker til å finne fram og analysere data, kva slags kunnskapstypar det gjev, og i kva slags tilfelle dei blir brukte

Dugleikar

NKR:

Kandidaten ...

- kan anvende faglig kunnskap og relevante resultatler fra forsknings- og utviklingsarbeid på

praktiske og teoretiske problemstillinger og treffe begrunnede valg

– kan reflektere over egen faglig utøvelse og justere denne under veiledning

– kan finne, vurdere og henviser til informasjon og fagstoff og framstille dette slik at det belyser en problemstilling

– kan beherske relevante faglige verktøy, teknikker og uttrykksformer

BASV-SOS:

Kandidaten

- kan nytte seg av kunnskap om sosiologisk teori og metode til å skilje mellom ulike typar forklaringar på samfunnsproblema
- kan bruke sosiologisk kunnskap til å identifisere viktige samfunnsproblema og utviklingstendensar, hente inn og presentere relevant informasjon om desse og delta med grunnleggende meiningar i ordsifte om samfunnsrelasjonar
- kan presentere og i ein viss grad vurdere resultat som kjem fram ved bruk av ulike metodar i sosiologiske undersøkingar
- kan bruke enklare variantar av sosiologiske metodar i eigne undersøkingar
- kan, spesielt etter arbeidet med bacheloroppgåva, planlegge og gjennomføre analysearbeid og utforme skriftlege og munnlege presentasjonar av dette

Generell kompetanse

NKR:

Kandidaten ...

– har innsikt i relevante fag- og yrkesetiske problemstillinger

– kan planlegge og gjennomføre varierte arbeidsoppgaver og prosjekter som strekker seg over tid, alene og som deltaker i en gruppe, og i tråd med etiske krav og retningslinjer

– kan formidle sentralt fagstoff som teorier, problemstillinger og løysningar både skriftleg, muntleg og gjennom andre relevante uttrykksformer kan utveksle synspunkter og erfaringer med andre med bakgrunn innanfor fagområdet og gjennom dette bidra til utvikling av god praksis

– kjenner til nytenking og innovasjonsprosesser

BASV-SOS:

Kandidaten

- kan gjere greie for nokre typar fag-etiske problemstillinger
- kan arbeide sjølvstendig og planlegge og organisere sitt eige arbeid innanfor gjevne fristar
- kan gi sakleg og ryddig framstilling, skriftleg og munnleg

Vi vurderer at læringsutbytte for studieprogrammet er beskrevet i samsvar med Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring og i samsvar med bachelornivået som beskrevet i NKR.

Namn

Ikkje relevant.

Læringsutbytte og infrastruktur

§ 2-2 Krav til studietilbudet (4): Studietilbudets innhold, oppbygging og infrastruktur skal være tilpasset læringsutbyttet for studietilbudet.

Innhald og oppbygging

Sjå oppbygging av studieprogrammet her: <https://www.uib.no/studier/BASV-SOS>

Programmet har ein solid teoretisk, metodisk og empirisk innretning gjennom ein kombinasjon mellom obligatoriske emne og valemne. Studentane startar med Sos100 som gjev den første innføring i sosiologiske teoriar og grunnleggjande kunnskapar om ulike substansielle område. Sos101 gjev ein systematisk innføring i ulike klassiske og samtidige teoriar. Vi har ein svært grundig metodeundervisning i saman med Institutt for samanliknande politikk og Institutt for administrasjon og organisasjonsvitskap (MET102). Sos103 gjev innføring i historisk sosiologi og analysar av det moderne samfunnet. Vi har også eit emne Sos201 som set søkjelys på sosiologisk analyse, noko som skal læra studentane å gjera bruk av sosiologisk teori i empirisk analyse. Vi har eit breitt utval av valemne innanfor velferd og ulikskap, familiesosiologi, arbeid og utdanning, migrasjon, og klasse og lagdeling. Samla sett gjev dette studentane gode kunnskapar, dugleikar og kompetansar.

Infrastruktur

Bachelorprogrammet i sosiologi har tilgang til Det samfunnsvitskapelege fakultet sin infrastruktur og vi har høve til å reservere rom på psykologisk fakultet sitt område. Vi vurderer dette som tilstrekkeleg.

Undervisnings- og vurderingsformer

§ 2-2 Krav til studietilbudet (5): Undervisnings-, lærings- og vurderingsformer skal være tilpasset læringsutbyttet for studietilbudet. Det skal legges til rette for at studenten kan ta en aktiv rolle i læringsprosessen.

Undervisninga på bachelornivå er i hovudsak i form av forelesingar og studentdrivne seminar. Alle emne har obligatorisk undervisningsaktivitet i form av ei innleveringsoppgåve. I tillegg har SOS100A *Examen facultatum - invitasjon til sosiologi med fordjupingstema* innlevering av kortare obligatoriske leserapportar. Elles er det nokon variasjon i arbeidskrava på valemna, t.d. SOS115 *Miljøsociologi* har ei kort munnleg framføring i tillegg til den obligatoriske oppgåva, og SOS117 *Diverse Societies and International Migration* har korte skriverapportar i tillegg til oppgåva. Frå hausten 2019 har instituttet jobba med å fornye seminarundervisninga (sjå «Gjennomføring, fråfall og kandidatproduksjon» for meir informasjon).

Programmet har varierte vurderingsformar, både for dei obligatoriske emna og valemna. Dei vanlegaste vurderingsformane er skuleeksamen på seks timer (t.d. SOS101 og ei rekkje valemne) og heimeeksamen med ulike lengder (t.d. SOS118 – åtte timer; SOS119 – to dagar; SOS201 – fire dagar). Det er òg tre emne som har blanda vurdering: SOS100A (fire timer skuleeksamen og innlevering av essay); SOS113-L (mappevurdering av tre oppgåver og justerande munnleg eksamen) og SOS202 (innlevering av bacheloroppgåve og justerande munnleg eksamen).

Vi vier særlig mye ressurser til individuell veiledning av bacheloroppgaver (SOS202). Programmet bruker et bredt utvalg av ulike vurderingsformer som fremmer ulike kompetanser, ferdigheter og

kunnskaper. De benyttede undervisnings- og vurderingsformene støtter samlet sett godt opp om programmets læringsutbytte. Programmet kombinerer forelesninger, seminarundervisning, gruppeveiledning, individuell veiledning. Det er pr i dag ikke planlagt noen større endringer i lærings- og vurderingsformer ut over de kontinuerlige mindre forbedringer som stadig foretas.

Faglig innhold

§ 2-2 Krav til studietilbudet (2): Studietilbudet skal være faglig oppdatert og ha tydelig relevans for videre studier og/eller arbeidsliv.

Dersom mastergradsstudier:

Krav til akkreditering i Forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning § 3-2. Akkreditering av mastergradsstudier

(1) Mastergradsstudiet skal være definert og avgrenset og ha tilstrekkelig faglig bredde.

Fagleg oppdatert studietilbud

Undervisningen på programmet gis i overveiende grad av ansatte som har en vesentlig forskningsdel i sine stillinger. I tillegg har instituttet hatt en jevn portefølje av eksternt finansierte forskningsprosjekter. Flere ansatte deltar i offentlig ordskippe, i dialog med aktører i sivilsamfunn og arbeidsliv, og medvirker i politikktutforming. Tre av de ansatte har de siste årene tjent i offentlige utvalg. Staben har en høy publiseringsvirksomhet nasjonalt og internasjonalt. Samlet sett gir dette undervisningen på programmet relevans og aktualitet i forhold til faglig innhold og samfunnets/arbeidslivets behov.

Relevans

Sosiologi har ingen avtaler om praksisplassar i arbeidslivet. Likevel viser studentundersøkingar at ein stor del av våre studentar får eit relevant arbeid etter avslutta utdanning. Sosiologifaget gjev ei brei og generell innføring i ulike metodar og ulike perspektiv på samhandling og samfunnsliv. Dette gjev våre studentar kunnskapar og ferdigheiter til å arbeida innanfor forskning, utgreiing, informasjon og media, administrasjon og undervisning. Sosiologisk institutt starta i 2021 opp eit integrert (5-årig) lektorprogram, noko som bidreg til utdanning av lærarar og lektorar i ungdomsskulen og den vidaregåande skulen.

Sosiologiens arbeidslivsrelevans er et viktig tema på SOS100, det første sosiologi-emnet de fleste studentene våre tar. Undervisningen om dette gis på grunnlag av pensum, NIFUs kandidatundersøkelser og eksempler fra alumner. Uteksaminerte MA-kandidater i Sosiologi gjør det gjennomgående godt både når det gjelder andelen som er i jobb etter studier, og andelen som vurderer at deres utdanning er relevant for jobben de utfører. Undervisning om sosiologiens arbeidslivsrelevans er også en del av SOS202 BA-oppgaven. I forkant av den årlige søknadsfristen til Samordna opptak presenteres 202-studentene med informasjon om masterprogrammet og hva man kan jobbe som med utdanning som sosiolog. Instituttet arrangerer i samarbeid med studentene jevnlig «Sosiologer i arbeid», hvor studentene får treffe alumner (uteksaminerte masterstudenter fra tidligere år som nå er aktiv i arbeidslivet).

For mastergradsstudier

Ikkje relevant.

Arbeidsomfang

§ 2-2 Krav til studietilbudet (3): *Studietilbudets samlede arbeidsomfang skal være på 1500–1800 timer per år for heltidsstudier.*

Sjå tabell 6 med data om studentane sin bruk av tid frå studiebarometeret.

Respondentane brukar i snitt 27,7 timar i veka på eigearbeid (18,4) og aktivitetar organisert av instituttet (9,3). Dette er noko mindre enn kravet om at heiltidsstudentar skal ha arbeidsomfang på 1500-1800 timar per år. Tala frå studiebarometeret må elles tolkast med forbehold med di det har få respondentar (26-27) og med di standardavvika frå gjennomsnittssvara er svært høge. Vi utfører òg eigne studentevalueringar i samanheng med dei emneansvarlege sine eigenvurderingar av emne (sjå vedlegg), kor vi ofte spør om kor mykje tid studentane brukar på emnet og kor krevjande dei synest at emnet er. Det er gjennomgåande at studentane brukar mindre tid enn tiltenkt på emna. Det er elles òg mange studentar som seiar at emna er krevjande. Vår vurdering av emna på programmet er at arbeidsomfanget er passende og tilstrekkeleg. Vi arbeider elles systematisk for å leggje til rette for meir studentaktivitet (sjå beskriving av seminarundervisningsprosjekt over). Vi vil halde fram med dette arbeidet i neste periode, og dette vil truleg bidra i å auke den totale tida studentane bruker på studiet.

I instituttet sitt evalueringsarbeid har det kome fram at mange studentar opplever MET102 som spesielt utfordrande. Studentane kan velje om dei ynskjer å ta emnet 2. eller 3. semester. Utover denne valfriheita er det ingen openberre måtar å redusere/ tilpasse arbeidsomfanget i desse semestera. Det er heller ikkje naudsynt ynskjeleg, da både den breie metodeinnføringa i MET102 og den oversiktlege teoriinnføringa frå SOS101 er viktige å få relativt tidleg i studielauget. I neste periode vil vi halde fram med å undersøkje måtar å betre fange opp dei som slit med MET102, slik at dei kan få tilbod om ekstra oppfølging. Dette kan t.d. gjerast ved å tilby alle som stryk i emnet å delta i eigne seminargrupper når dei tek emne oppatt.

Kobling til forskning

§ 2-2 Krav til studietilbudet (6): *Studietilbudet skal ha relevant kobling til forskning og/eller kunstnerisk utviklingsarbeid og faglig utviklingsarbeid.*

Undervisningen er forskningsbasert, og til dels knyttet direkte til instituttets profilområder. I tillegg har vi valg-emneundervisning innenfor hvert profilområde, noe som skal stimulere til at studentene skriver BA- og MA-oppgaver innenfor områder hvor instituttet kan tilby sterk forskningsbasert veiledning. Kobling er et gjennomgående trekk i programmet helt fra første semester hvor de fleste studenter tar SOS100A/B Invitasjon til sosiologi. Her tilbys både bred innføring i faget og forskningsnære fordypningsgrupper.

Internasjonalisering

§ 2-2 Krav til studietilbudet (7): Studietilbudet skal ha ordninger for internasjonalisering som er tilpasset studietilbudets nivå, omfang og egenart.

§ 2-2 Krav til studietilbudet (8): Studietilbud som fører fram til en grad, skal ha ordninger for internasjonal studentutveksling. Innholdet i utvekslingen skal være faglig relevant.

Studieplanen legger til rette for utveksling 4. og 5. semester. Instituttet har anbefalte avtaler med 42 institusjoner, dels som bilaterale avtaler og dels under ERASMUS+:

<https://www.uib.no/studier/BASV-SOS/utveksling>

Tallene for utveksling har vært stabile siden 2015 (Sjå tabell 4). Det totale antall studenter har imidlertid økt, og den relative andelen som har reist på utveksling har dermed sunket over tid, delvis på grunn av Covid-19. Instituttet ønsker å øke andelen studenter som reiser på utveksling, men har ikke satt noe tallmessig mål for økningen. Utveksling var fremhevet som tema på et heldags instituttseminar i 2019. Vi har utvekslingsavtaler ved flere utenlandske universitet. Vi ønsker i de kommende år å knytte oss tettere til noen universiteter i utlandet hvor medlemmer av staben har kontakter, og vil vurdere å utarbeide "pakker". Instituttet har en studiekonsulent som har 50% av stillingen sin dedikert til arbeid med internasjonalisering og utveksling. Hun vil i løpet av våren 2022 kartlegge stabens vitenskapelige kontakter ved relevante universiteter i utlandet.

Praksis

§ 2-2 Krav til studietilbudet (9): For studietilbud med praksis skal det foreligge praksisavtale mellom institusjon og praksissted.

§2-3 Krav til fagmiljø (7): For studietilbud med obligatorisk praksis skal fagmiljøet tilknyttet studietilbudet ha relevant og oppdatert kunnskap fra praksisfeltet. Institusjonen må sikre at praksisveilederne har relevant kompetanse og erfaring fra praksisfeltet.

Ikkje relevant.

Krav til fagmiljø i Studietilsynsforskriften

Studietilsynsforskriften kapittel 2. Akkreditering av studietilbud, § 2-3. Krav til fagmiljø

Fagmiljøets størrelse

§ 2-3 Krav til fagmiljø (1): Fagmiljøet tilknyttet studietilbudet skal ha en størrelse som står i forhold til antall studenter og studiets egenart, være kompetansemessig stabilt over tid og ha en sammensetning som dekker de fag og emner som inngår i studietilbudet.

§ 2-3 Krav til fagmiljø (4): Minst 50 prosent av årsverkene tilknyttet studietilbudet skal utgjøres av ansatte i hovedstilling ved institusjonen. Av disse skal det være ansatte med førstestillingskompetanse i de sentrale delene av studietilbudet. I tillegg gjelder følgende krav til fagmiljøets kompetansenivå:

a) For studietilbud på bachelorgradsnivå skal fagmiljøet tilknyttet studiet bestå av minst 20 prosent ansatte med førstestillingskompetanse.

b) For studietilbud på mastergradsnivå skal 50 prosent av fagmiljøet tilknyttet studiet bestå av ansatte med førstestillingskompetanse, hvorav minst 10 prosent med professor- eller dosentkompetanse.

c) For studietilbud på doktorgradsnivå skal fagmiljøet tilknyttet studiet bestå av ansatte med førstestillingskompetanse, hvorav minst 50 prosent med professor- eller dosentkompetanse.

For mastergradsstudier: § 3-2 Akkreditering av mastergradsstudier i Forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning

(2) Mastergradsstudiet skal ha et bredt og stabilt fagmiljø som består av tilstrekkelig antall ansatte med høy faglig kompetanse innenfor utdanning, forskning eller kunstnerisk utviklingsarbeid og faglig utviklingsarbeid innenfor studietilbudet. Fagmiljøet skal dekke fag og emner som studietilbudet består av. De ansatte i fagmiljøet skal ha relevant kompetanse.

(3) Fagmiljøet skal kunne vise til dokumenterte resultater på høyt nivå og resultater fra samarbeid med andre fagmiljøer nasjonalt og internasjonalt. Institusjonens vurderinger skal dokumenteres slik at NOKUT kan bruke dem i arbeidet sitt.

Studietilbudet har en størrelse som står i forhold til antall studenter og studiets egenart. Staben har hatt stabil kompetanse over tid og har en sammensetning som dekker de fag og emner som inngår i studietilbudet.

Fagmiljøet oppfylder sammensetningen som er beskrevet i § 2-3 (4) med god margin. Det meste av undervisninga gis av professorer. Instituttet har pr desember 2021 10 professorer, 2 førsteamanuensiser, 2 universitetslektorer, 1 postdoktor og 5 stipendiater. Instituttet har de siste årene hatt stigende studenttall, med totalt 412 studenter registrert i 2021.

Fagmiljøets utdanningsfaglige kompetanse

§ 2-3 Krav til fagmiljø (2): Fagmiljøet tilknyttet studietilbudet skal ha relevant utdanningsfaglig kompetanse.

Det store flertall av undervisere har lang undervisningserfaring og grunnutdanning i universitetspedagogikk. Nyutdannede tilbys kurs i universitetspedagogikk og må gjennomføre minst basismodulen innen 2 år. I tillegg jobber staben kollegialt med å sikre og bedre undervisningskvaliteten. Vi har også et eget veiledningsforum for erfaringsutveksling i spørsmål knyttet til veiledning.

Faglig ledelse

§ 2-3 Krav til fagmiljø (3): Studietilbudet skal ha en tydelig faglig ledelse med et definert ansvar for kvalitetssikring og -utvikling av studiet.

Studieprogrammet ledes av Sosiologisk institutt sitt Undervisningsutvalg, som tjener som programstyre. Alle emner blir ledet av en fagperson. Instituttleder er valgt og utgår fra den faste vitenskapelige staben. Instituttet har også nylig oppnevnt en egen forskningsleder.

Fagmiljøets fagspesifikke kompetanse

§ 2-3 (5): Fagmiljøet tilknyttet studietilbudet skal drive forskning og/eller kunstnerisk utviklingsarbeid og faglig utviklingsarbeid og skal kunne vise til dokumenterte resultater med en kvalitet og et omfang som er tilfredsstillende for studietilbudets innhold og nivå.

Den vitenskapelige staben ved Sosiologisk institutt består overveiende av professorer. Alle undervisere er aktive forskere med betydelig publikasjonsaktivitet. Fagmiljøet ble i SAMEVAL-evalueringen vurdert som et meget godt (karakter 4).

Internasjonalt og nasjonalt samarbeid

§ 2-3 (6): Fagmiljøet tilknyttet studietilbud som fører fram til en grad, skal delta aktivt i nasjonale og internasjonale samarbeid og nettverk som er relevante for studietilbudet.

Alle i staben har nasjonale forskningssamarbeid og mange deltar også i internasjonale forskningsnettverk. Instituttet deltar aktivt i UiBs avtaler for utveksling av studenter og undervisere.

Akkum. Kval.	2	0	2	2	2	2	2	2	2	2	2
And. Kval.	1,55%	0,00%	1,55%	1,55%							

Tabell 3: Median snittkarakter for møtte studentar


Median snittkarakter for møtte studentar

2016	4,07
2017	3,84
2018	4,12
2019	4,12
2020	4,2
2021	4,29

Tabell 4: Kvalifikasjonar med utveksling

	Tal kvalifikasjonar	Mengde kvalifikasjonar med utveksling	Delmengde kvalifikasjonar med utveksling
2016	40	8	20,00%
2017	50	8	16,00%
2018	44	5	11,36%
2019	65	11	16,92%
2020	64	9	14,06%
2021	62	7	11,29%

Tabell 5: Data frå studiebarometeret



Tabell 6: Tidsbruk

Tidsbruk

Omtrent hvor mange timer per uke (i gjennomsnitt hittil på dette studiet) brukes på:

	Gjennomsnitt	Standardavvik	Totalt antall svar	Svarfordeling i prosent					
				0	1-10	11-20	21-30	31-40	Over 40
Betalt arbeid	4,3	8,77	27	59	26	11	-	4	-
Egenstudier (lese pensum, gjøre oppgaver, delta i kollokvier og annet gruppearbeid, etc.)	18,4	15,92	27	-	33	33	26	-	7
Læringsaktiviteter organisert av institusjonen (inkludert all undervisning og veiledning, samt praksis hvis relevant)	9,3	8,78	26	-	85	8	4	-	4

